

Kyrkje- og kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Omdanning av Norsk språkråd - høyringsfråsegn frå Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet viser til brev av 20. januar 2004 om «Omdanning av Norsk språkråd» og vil gi slik fråsegn:

Haldningsarbeidet må ha førsteprioritet

Å ta vare på og utvikle norsk språk er etter vårt syn først og fremst eit spørsmål om å byggje opp positive haldningar til språket. Dersom folk ikkje ser at språket er verdfullt og umisteleg, at det er både vår identitet og vår kultur, at det er noko som er verdt å ta vare på, nyttar det lite å setje i verk språkstyrkingstiltak.

Haldningsarbeidet må såleis ha førsteprioritet når ein skal fastsetje oppgåvene for det nye språkorganet. Å styrkje dei positive haldningane til språket må liggje til grunn når organet skal utarbeide strategiar og setje i verk tiltak for å ta vare på og utvikle norsk språk – særleg skriftspråket – og bruken av det.

I dag er norsk språk under press. Påverknaden utanfrå – særleg frå engelsk – har auka i styrke. Samstundes fører den teknologiske utviklinga til at vi kommuniserer på andre måtar enn før, til dømes gjennom SMS og Internett. Å møte desse utfordringane og utvikle eit godt og slitesterkt skriftspråk i tillegg til det moderne «chatte»-språket blir ei stor utfordring for både utdanningssystemet og det nye språkorganet.

Barn og unge den viktigaste målgruppa

Skal vi utvikle positive haldningar til norsk språk, må vi starte med dei yngste – med barn og unge i barnehage og skule. I barnehagen og skulen møter vi mest alle framtidige språkbrukarar. Det er her vi må setje kreftene inn dersom vi vil utvikle språkinteressa og dei positive haldningane til språket. Her kan vi lære kommande generasjonar å identifisere seg med norsk språk og vere stolte av morsmålet sitt.

Barnehagen

Førskulealderen er den viktigaste perioden for språkutvikling. Difor må arbeidet starte i barnehagen. Barnehagen arbeider systematisk med å stimulere språkutviklinga. Dei tilsette gjer eit stort og viktig arbeid med å førebyggje språkvanskar og førebu for lese- og skriveopplæringa i skulen. Barnehagen er ikkje skule, men han er ein svært viktig læringsarena. Det grunnleggjande arbeidet som blir lagt i barnehagen, er diverre ikkje like påakta hos alle. Dess større grunn er det til at det nye språkorganet bør interessere seg for nettopp barnehagen og utvikle ein tiltaksplan for å styrkje arbeidet med språk i barnehagen.

Grunnskule og vidaregåande opplæring

Norskopplæringa i grunnskulen og i vidaregåande opplæring må vere ei hovudoppgåve for det nye språkorganet. Skulen er den viktigaste arenaen for opplæring i norsk. Også her må haldningsarbeidet prioriterast. Elevane må bli glade i språket sitt og bli språkleg medvitne og nyfikne. Dei må få utvikle den lese- og skrivekompetansen som er grunnlaget for all utdanning og ein føresetnad for å kunne vere aktive deltakarar i eit moderne samfunn.

Skal norsk språk overleve, må det brukast. Elevane må få erfare at det er lett å kommunisere på norsk, og at norsk er like kult som engelsk. Det er gjennom dei positive språkoplevingane ein utviklar leselyst og skriveglede.

På same måten som i barnehagen må det nye språkorganet utarbeide ein tiltaksplan for å heve statusen til norskfaget og styrkje opplæringa i norsk morsmål i skulen. Denne planen må omfatte både hovudmålet, sidemålet og norsk som andrespråk. Ein slik plan bør utviklast i samarbeid med dei fagdidaktiske miljøa – og med dei som arbeider i skulen. Utdanningsforbundet har 100 000 lærarar som medlemmer. Vi stiller gjerne til disposisjon den røynsla dei representerer.

Lærarar

Læraren er den viktigaste ressursen i skulen. Skal vi nå måla for norskopplæringa og utvikle dei positive haldningane, treng vi interesserte, kompetente og entusiastiske lærarar. Det nye språkorganet bør ta eit særleg ansvar for at dei som arbeider med norsk morsmål i barnehage og skule, får den kompetansen dei treng, og får den faglege hjelpa det nye språkorganet representerer.

Førskulelærarar og lærarar må difor vere ei viktig målgruppe for det nye språkorganet. Det kan mellom anna hjelpe til med å utvikle gode undervisningsopplegg til bruk på ulike nivå. Det kan hjelpe til med å finne morosame og tankevekkjande døme på ord og språkbruk. Det kan arrangere kurs og andre etterutdannings-tilbod. Det kan prioritere barnehage og skule i det rådgivande arbeidet sitt. Og sist, men ikkje minst viktig, det må marknadsføre tilboda sine overfor barnehagar og skular slik at det blir naturleg for førskulelærarar, lærarar og elevar å ta kontakt om språklege spørsmål.

Språkleg jamstilling

Ei anna oppgåve for det nye språkorganet blir å styrkje nynorsk mål og sikre språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk. Sidemålsopplæringa (i nynorsk) i skulen blir såleis viktig. Denne opplæringa er ikkje god nok. Skal ho bli betre, må det satsast både på lærarkompetanse og på å utvikle engasjerande undervisningsopplegg. Og – det må arbeidast målretta med å byggje positive haldningar til nynorsk.

Språkleg jamstilling vil mellom anna seie at alle læremiddel – både trykte og elektroniske – skal liggje føre på begge målformer til same tid og til same pris. Det inneber òg at ein følgjer mållova. Nynorskprosenten i offentlege dokument må opp, og tilsette i offentleg teneste må kunne bruke begge målformer. Behovet for opplæringstiltak er stort – og det gjeld både kurs og studiemateriell.

Det nye språkorganet må føre tilsyn med at mållova blir følgt, og at læremiddel ligg føre på begge målformer. Dels er dette eit spørsmål om positive stimuli, men det er også behov for at det nye språkorganet må kunne bruke sanksjonsmiddel.

Rådgiving

Råd og rettleiing må vere ei sentral oppgåve også for det nye språkorganet. Folk som ber om råd og hjelp, må få dette. Ofte er det spesialistar og særleg interesserte som gjer bruk av slike tenester. Det må vere eit mål å nå det breie laget av folket og få dei til å interessere seg for norsk språk. Skal det lukkast, må tenestene vere gratis eller svært rimelege. Dei må dessutan marknadsførast.

I tillegg til rådgiving over telefon, brev og e-post, bør det nye språkorganet gi ut bøker og andre trykksaker med råd om språk og praktisk språkbruk. Språksidene på veven er svært viktige, men dei må byggjast vidare ut, dei må innrettast mot ulike målgrupper – også barn og unge, og dei må blir mykje meir brukarvennlege. *Språknytt* og *Statspråk* er gode publikasjonar som bør vidareførast i ei eller anna form. Vidare er det ønskeleg at det nye språkorganet profilerer seg gjennom språkspalter i aviser og tidsskrift.

Språkleg påverknad utanfrå

Den språklege påverknaden utanfrå aukar, ikkje minst overfor yngre språkbrukarar. På sikt kan dette få store konsekvensar for språket vårt. Vi ser den engelske påverknaden som ein trussel mot norsk språk – ein trussel som vi bør ta svært alvorleg. Haldningsarbeidet i barnehage og skule er den viktigaste motkrafta mot denne utviklinga. Vi viser elles til det vi har sagt om dette ovanfor.

Å finne gode norske avløysarord og få folk – og bransjar – til å bruke norske ord der vi har slike, er òg viktig. Arbeidet med å finne avløysarord og eventuelt norvagisere engelske ord må difor halde fram. Men ein må leggje vekt på å velje former som kan vinne oppslutnad hos språkbrukarane. Vi må unngå fleire "beiken"-debattar. Skal arbeidet med å demme opp mot den språklege påverknaden utanfrå lukkast, må ikkje det nye språkorganet gjere seg sjølv til lått og løye.

Vi ser med uro på at stadig meir av undervisninga på universitet og høgskular er på engelsk. Engelsk trengst i mange fagmiljø, og vi forstår at det i somme fag er nødvendig å undervise på engelsk. Men dette må ikkje ta overhand. I norske læringsmiljø bør hovudregelen vere at undervisninga er på norsk.

Normering

Også det nye språkorganet må arbeide med normering. Men normeringa må ikkje vere ei hovudoppgåve i det løpande arbeidet. Etter vårt syn treng vi meir stabilitet i rettskrivinga. Dei stadige rettskrivingsendringane dei siste tiåra har ikkje vore vellukka. Vi ser likevel at det er behov for å normere nye ord, men elles bør rettskrivingsendringane komme sjeldnare og i samband med ein større gjennomgang av rettskrivingsystemet for å få konsekvens og system.

Rammevilkår

Utdanningsforbundet ønskjer eit aktivt, profilert og utoverretta organ som kan skape engasjement om språkspørsmål, og som skal vere det sentrale sørvisorganet for alle som bruker norsk språk. Det nye språkorganet må såleis kunne reise viktige – og kontroversielle – debattar rundt språk, språkbruk og dei kulturverdiane språket representerer. Det vil seie at det må drivast eit målretta informasjonsarbeid slik at det nye språkorganet og tenestene det yter, er godt kjende.

Skal det nye språkorganet kunne møte dei forventingane vi har til det, kunne yte språklege tenester av høg kvalitet og drive eit aktivt informasjonsarbeid, trengst det pengar. Utdanningsforbundet reknar difor med at det nye språkorganet får ein romslegare økonomi enn Norsk språkråd har hatt, og at løyvingane står i forhold til dei oppgåvene det får.

Mandat

Utdanningsforbundet ønskjer at det nye språkorganet skal bli noko anna enn Norsk språkråd. Vi ønskjer at det skal prioritere det haldningsskapande arbeidet blant barn og unge. Vidare ønskjer vi at det skal leggje større vekt på godt språk og god språkføring enn på rettskriving. Vi ønskjer at det rådgivande arbeidet skal halde fram på minst same nivå som før, og at arbeidet mot anglofiseringa av norsk språk må halde fram.

Vi har klare forventingar til det nye språkorganet, men det er viktig at det ikkje får for mange faste oppgåver. Utdanningsforbundet ser det som svært viktig at det har så stort handlingsrom at det sjølv kan ta initiativ og prioritere arbeidet sitt. Mandatet må vere så ope og fleksibelt at det lett kan tilpasse seg nye utfordringar.

Namn

Det nye språkorganet har enno ikkje fått noko namn. Vi ser ikkje at noko skulle vere til hinder for at det framleis kan heite Norsk språkråd. Det er eit innarbeidd namn som kan fyllast med nytt innhald. Det blir kvaliteten på tenestene og ikkje namnet på språkorganet som avgjer kva omdøme det vil få.

Med vennleg helsing
for Utdanningsforbundet

Helga Hjetland
leiar